



Kommunereform Firda kommune

Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Vår referanse:

Dato:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

15/497-9-ØH-002

21.09.2015

Kommereform Firda kommune, referat frå møte i styringsgruppa 18.09.15

Tidspunkt : Fredag 18.09.15 kl 12.30 – 14.30

Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Til stades:

Styringsgruppa		
Namn	Kommune	Funksjon
Mathias Råheim	Gaular	Ordfører, leiar av styringsgruppa
Olve Grotle	Førde	Ordfører
Anders Ryssdal	Gloppen	Ordfører
Jan Olav Gjerde	Hyllestad	Ordfører
Oddmund Klakegg	Jølster	Ordfører
Håkon Myrvang	Naustdal	Ordfører
Frida Melvær	Askvoll	Ordfører
	Flora	Ordfører
Arve Helle	Fjaler	Ordfører
Rådmenn og prosjektsekretariat		
Namn	Kommune	Funksjon
Bente Nesse	Hyllestad	Rådmann
Jan Kåre Fure	Gloppen	Rådmann
Børge Tvedt	Jølster	Rådmann
Terje Heggheim	Flora	Rådmann
Ola Hovland	Fjaler	Rådmann
Ole John Østenstad	Førde	Rådmann
Håkon Loftheim	Askvoll	Rådmann
Erik Askeland	Solund	Administrasjonssjef
		Sekretær for SiS regionråd
Per Arne Tveit		Sekretær for Hafs regionråd
		Prosjektleder
Andre		
Namn	Representerer	
Kåre Træen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Rolf Sanne-Gundersen	Tydeleg	
Rolf Bjarne Sund	Flora kommune	
Wenche Kvalvik	LO (Fagforbundet)	
Elin Kjøsnes Enebakk	LO (Fagforbundet)	
Marit Solheim	YS (Delta)	

Møteleiing

Ole John Østenstad og Mathias Råheim.

Utsendt dagsorden

- Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 21.08.15
- Oppdatering etter val 2015 v/ ordførarane
- Gjennomgang av møteplan for hausten 2015 v/ Øystein Høyvik
- Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen
- Kva informasjonsarbeid vil skje framover? v/ Rolf Sanne-Gundersen
- Informasjonsavis: Nærare om utforming og innhald v/ Rolf Sanne-Gundersen
- Innbyggjarundersøking v/ Øystein Høyvik
- Innhald felles formannskapsmøte 06.11.15 v/ Øystein Høyvik
- Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 21.08.15

- Godkjent.

Oppdatering etter val 2015

- Ordførarane gjorde greie for status både for eigen kommune og seg sjølv etter valet
- Ordføraren i Hyllestad informerte om at valresultatet kan føre til at kommunestyret gjer nye vedtak i høve vidare deltaking. Også ordføraren i Jølster gav uttrykk for at valresultatet gav indikasjonar på at det ikkje var fleirtal for samanslåing i kommunestyret i Jølster kommune, men at dei likevel vil ta del i prosessen vidare.
- Dei nye ordførarane vert invitert til å delta i styringsgruppa frå snarast. For dei av kommunane som har konstituering etter neste møte i styringsgruppa kan nye ordførarar stille saman med «gamal» ordførar
- Den enkelte kommune har ansvar for å informere nye ordførarar om arbeidet som har skjedd så langt
- Semje om at i det vidare må ordførarane / styringsgruppa i større grad enn tidlegare fronte arbeidet

Gjennomgang av framdrifts- og møteplan

- Framdrifts- og møteplanen gått gjennom - det vart ikkje gjort vedtak om endringar

Nytt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Kåre Træen

- Informasjon om prosjektleiarsamlinga 27. oktober 2015
- Informasjon om at departementet kartlegg bruken av innbyggjarundersøkingar i heile landet

Kva informasjonsarbeid vil skje framover?

- Rolf Sanne-Gundersen informerte
- Prosjekteigar Mathias Råheim saman med prosjektsekretariatet og Rolf-Sanne Gundersen får fullmakt til å arbeide vidare med utforming og gjennomføring

Informasjonsavis

- Rolf Sanne-Gundersen informerte om planlagt innhald
- Det vart bestemt at Mathias Råheim er ansvarleg redaktør, medan Rolf Sanne-Gundersen står som redaktør av avisa
- Prosjektsekretariatet saman med Rolf Sanne-Gundersen får i tråd med drøftingar og innspel fullmakt til endeleg utforming av avisa

Innbyggjarundersøking

- Prosjektsekretariatet saman med Opinion as får fullmakt til å ferdigstille og gjennomføre undersøkinga

Innhald felles formannskapsmøte 06.11.15

- Utkast til innhald drøfta – prosjektsekretariatet arbeider vidare med å konkretisere dette.

Eventuelt

- Den enkelte kommune vurderer behovet for å opprette nye forhandlingsutval etter konstituering

Med helsing

Per Arne Tveit
Sekretær for Hafs regionråd

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Prosjektgruppa
Samarbeidande kommunar